

## MELAND SOGELAG

### MØTEBOK - ÅRSMØTE 2018

Onsdag 21.03.18 kl 19.00 var det årsmøte for Meland sogelag i Flatøy skule.  
8 medlemmar møtte.  
Arnt Brakstad vart vald til møteleiar.

#### Sak 1. Godkjenning av årsmelding for 2017.

Styret sitt framlegg til årsmelding vart lagt fram i møtet og godkjend utan merknader.

#### Sak 2. Godkjenning av rekneskap for 2017.

Rekneskapen vart lagt fram i møtet og godkjend utan merknader.

#### Sak 3. Val.

Følgjande vart valde:

Leiar	: Arnt Brakstad (1 år). Attval.
Styremedlemmar	: Geir Leivestad (2 år). Attval.
Varamedlemmar	: Monica Petersen Ypsøy (2 år). Attval.
Revisor	: Anne Marie Skurtveit (1 år). Attval.
Medlemmar i valnemnda	: Bjarte Skintveit (1 år). Attval.
	: Helge Nygård (1 år). Attval.
	: Klara Hansen (3 år).
	: Reidun Lædre (2 år).

#### Sak 4. Godkjenning av arbeidsprogram for 2018.

1. Arbeida for å få avklart kva som skal gjerast med båten «Teisten».
2. Halda fram med innsamling av foto.
3. Arbeida for å få pengar til ei allmenn bygdebok for Meland kommune.
4. Gjera ferdig fotobok (med tekstar) av gjenstandane i Sjøbua på Holmeknappen.

*Etter at årsmøtesakene var ferdig handsama, vart det vist deler av ein digitalisert 8 mm film frå slutten av 1950-talet. Filmen var tatt opp av Erling Lavik.*

Møtet slutt kl 20.45.

*Arnt Brakstad*

Arnt Brakstad  
leiar